

# Bok på 1-2-3

## Polititjuven

Av Marianne Gretteberg Engedal

**Tverrfagleg undervisningsopplegg i norsk, samfunnsfag og kunst og handverk. Momenta identitet og kulturelt mangfold, menneskeverdet, skaparglede, engasjement og utforskarkrøng frå verdigrunnlaget i opplæringa er vektlagde.**

### Tid: 90 minutt

I boka møter vi Kjell, som kjem frå ein tjuvefamilie. Sjølv har han slutta å vere tjuv. Kjell og bestevennen Pølse-Per går i same klasse, og no skal dei på overnattingstur i skogen. Det har nettopp flytta ein politifamilie til byen, og politijenta Perit skal starte i klassen til Kjell og Pølse-Per. Kjell oppdagar raskt at Perit gjer sitt beste for å prøve å stele Pølse-Per frå Kjell, samtidig som ho seier klart ifrå om at ein som ein gong har vore ein tjuv, alltid kjem til å vere ein tjuv.

Boka er eit godt utgangspunkt for samtaler kring vennskap, sjalusi og førehandsdømming/rykte, og i tillegg kan boka gjerne knytast opp mot uteskule. Boka er skriven som ein teikneserie og er full av fargerike og illustrerande teikningar.

### Utstyr og førebuing

- Skyl og tørk 10–15 små mjølkekartongar. Ta vare på korkane.
- Kople til pc med tilgang til internett og prosjektor.
- Finn fram boka.
- Finn fram limstiftar, teikneark, sakser, fargeblyantar eller måling. Ekstraustyr kan vere vatt/bomull, perler, knappar, fyrstikker/tannpirkarar eller liknande.
- Les om paratekst – alle elementa i ein tekst.  
<https://nytorsksenteret.no/blogg/smugkikk-og-smakebit>

## POLITITJUVEN



Marianne Gretteberg Engedal

### Formål etter læreplanen frå 2020

#### Norsk

- Uttrykkje tekstopplevelingar gjennom leik, song, teikning, skriving og andre kreative aktivitetar.

#### Samfunnsfag

- Samtale om vennskap og tilhørsle og kva som påverkar relasjonar.
- Samtale om identitet, mangfold og fellesskap og reflektere over korleis det kan opplevast å ikkje vere ein del av fellesskapet.

#### Kunst og handverk

- Formidle og vise fram eige arbeid gjennom utstilling.
- Gjennomføre kunst- og designprosessar ved å søkje inspirasjon, utforske moglegeheiter, gjere val og lage eigne produkt.


# 1 Før lesing (5 minutt)

Sjå på framsida og snakk om det de ser. (Dersom de har lese Pølsejuven tidlegare, kan elevane kjenne att Pølse-Per og Kjell frå den boka.)

- Kva trur de boka handlar om?
- Sjå godt på personane på biletet. Kva inntrykk får de av dei? Kan ein finne ut kva dei likar, eller kva dei gjer på, ved å sjå biletet av dei?

Opne opp boka og sjå på innsida av omslaget. Får de fleire tankar om kva boka handlar om, når de ser dette biletet?

- Kven trur de bur i dei ulike husa? (Ein pølsemakar? Iskremseljar? Musikklærar? Politi? Gartner? Murar? Sirkusfamilien? Andre?)



Marianne Gretteberg Engedal



ILLUSTRASJON: Marianne Gretteberg Engedal (innsida av omslaget på Polititjuven)

## 2 Lesing (15 minutt)

Les boka og ta dykk god tid. Vis boka på smarttavle slik at alle ser. Dette er ei teikneseriebok, så tekst og biletet utfyller kvarandre og fortel historia i lag. Studer bileta og detaljane der.

## 3 Etter lesing (10 minutt)

Snakk saman:

- Kva yrke har familien til Kjell?
- Kva yrke har familien som kjem flyttande til byen?
- Sjå på sida der familien til Kjell finn ut at det skal kome ein politifamilie til byen. Korleis reagerer familien til Kjell? Kva kjensler får dei? (Sjå spesielt på Kjell, faren og veslebroren.)
- Kjell og klassen skal på overnattingstur. Kva kjensler har Kjell før han reiser? Korleis endrar kjenslene hans seg undervegs? Kvifor endrar kjenslene seg?
- Korleis kan ein sjå kva for kjensler ein person har? (ansiktsuttrykk, sjå spesielt på auga)
- Kva kjenneteiknar ein god venn?

## 4 Aktivitet (45–60 minutt)

Denne oppgåva skal munne ut i eit fellesresultat: Ei utstilling av byen der Kjell, Pølse-Per og Perit bur. De kan velje om elevane skal jobbe individuelt med kvart sitt hus, eller om dei skal samarbeide om husa. Vis biletet av byen medan elevane jobbar med oppgåva. Oppfordre elevane til å vere kreative og bruke fantasien sin. Elevane kan velje om dei vil lage eit av husa som er i boka, eller om dei vil lage eit anna hus. Det er viktig at huset dei lagar, skal fortelje kven som bur i det, til dømes frisør-familien, lege-familien eller tannlege-familien.

- Bruk dei reine og tørre mjølkekartongane. Lim saman toppen av kartongen slik at han får tilbake den vanlege forma si.  
Tips: forsterk med teip (gjerne brun/sterk).
- Legg mjølkekartongen på eit teikneark slik at de ser kor de må klippe arket for at det skal passe til veggane på kartongen.
- Klipp ut arket og lim det på veggane til kartongen/huset.
- Gjer det same med taket. Når de skal legge papir på den sida der korken er, er det lurt å legge korken ned på papiret og teikne rundt. Klipp så ut sirkelen, slik at det blir eit hol i arket. Ta på lim og træ så arket ned på opninga.
- Dekorer huset slik at ein kan sjå kven som bur der.



# 5 Tilleggsressursar/aktivitetar (norsk, kunst og handverk, musikk, mat og helse og kroppsøving)

- Lag vennskapsarmband.  
[nynorsksenteret.no/uploads/documents/Bok\\_paa\\_123\\_Frosken.pdf](http://nynorsksenteret.no/uploads/documents/Bok_paa_123_Frosken.pdf)

- Dramatiser forteljinga.  
Roller: Kjell, Pølse-Per, Perit, tjuvefamilien, Bibbi, læraren.

Ta med hovudpunktene i forteljinga, og lag replikkar til rollene. Er klassen stor, kan ein dele inn i fleire grupper, og gruppene viser fram skodespelet for kvarandre.

Dokkespelar Adele Duus fortel om dramatisering i skulen:  
[nynorsksenteret.no/barneskule/skriving/drama-og-fagskriving](http://nynorsksenteret.no/barneskule/skriving/drama-og-fagskriving)

Under finn de eit utval songar og leikar som passar til tema vennskap:

- Eg treng deg og du treng meg  
[www.tunkatten.no/songbok/deg-og-meg/](http://www.tunkatten.no/songbok/deg-og-meg/)
- Så gjer me så når me går oss ein tur  
(Mel: Så går vi rundt om ein einebærbusk)  
[nynorsksenteret.no/vennskap](http://nynorsksenteret.no/vennskap)

## Tips til uteskule-aktivitet

Gå på tur til ein stad der det går an å tenne bål, klatre i tre, leike og kose seg. Elevane må ha med sekkane sine og ha på seg høvelege klede. Ta med spikkeknivar (og sitjeunderlag).

- Del elevane inn i grupper, og la dei samarbeide om å bygge gapahukar eller hytter av greiner og kvist som dei finn i skogen.
- La elevane leite etter høvelege pølse-pinnar. Bruk knivane til å spikke pinnane spisse nok.
- Sit saman rundt bålet medan de et. Legg vekt på å ha det triveleg saman, og pass på at alle kjenner seg inkluderte.
- Leik/dans «Så gjer me så når me går oss ein tur» på turen.

## Formål etter læreplanen frå 2020

### Kroppsøving

- Forstå og praktisere turreglar og bruke klede etter vær og forhold i naturen.
- Utforske uteaktivitetar og samarbeide med andre under vekslande årstider i nærmiljøet.

### Mat og helse

- Lage enkle måltid og bidra til å skape ei triveleg ramme rundt måltid saman med andre.

### Musikk

- Utøve og utforske eit repertoar av songar og dansar frå ulike musikkulturar, inkludert samisk musikkultur.
- Utøve eit repertoar av sngleikar, songar og dansar henta frå den nære musikkulturen til elevane og frå kulturarven.